

**Til**

**Fitjar kommune**

**Rådhuset, 5419 Fitjar**

**[fitjar@fitjar.kommune.no](mailto:fitjar@fitjar.kommune.no)**

**Avsendar**

**Foreininga Håkon den Gode – Fitjar**

**v/styreleiar Terje Gloppen**

**Utfarten 45,  
2315 Hamar**

## SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT

Styret i Foreininga Håkon den Gode – Fitjar søker med dette om tilskot til arbeidet med prosjekt kring Håkon den gode sitt liv, med hovudvekt på teaterstykke og aktivitetar for barn og unge. Prosjektet skal knytast til markeringa av 1000-årsjubileet i 2024, for innføring av kristenretten i Noreg.



### Prosjektambisjon: Bygde-energi 2022 - 2024

Styret i Foreininga Håkon den Gode – Fitjar er no i gang med arbeidet med å utvikla eit prosjekt, som inneheld utvikling og framsyning av teaterstykke og andre bygdeaktivitetar, særleg retta mot barn og unge, med utgangspunkt i saga om Håkon den gode. Arbeidet tek utgangspunkt i vedtektene til Foreininga Håkon den Gode – Fitjar, som vart stifta hausten 2016.

Vedtektene seier dette om

#### Namn og føremål:

§1. Foreininga sitt nam er Håkon den Gode – Fitjar og vart stifta den 23. september 2016

§2: Foreininga har som føremål å ta vare på og utvikla dei historiske og kulturelle verdiane som ligg i arven etter Håkon den gode og kongsgarden på Fitjar. Foreininga skal mellom anna driva det historiske spelet «Kongen med gullhjelm» og evt. andre historiske spel.

Foreininga har fylgjande stiftarar:

Fitjar kommune, Fitjar sogelag, Osternes mannskor og Fitjar sokn.

Alle lokalsamfunn treng noko å samlast om, noko som skapar ein felles identitet og gjer ein stolt av staden ein bur på. Me trur at felles historie er viktig for å skapa denne tilhørsla, og me trur at akkurat denne spesielle historia kan verta ein sterkare identitetsbyggjar i Fitjarsamfunnet. For å få dette til må historia gjerast levande og aktivitetane må famna breitt og skapa entusiasme.

Etter initiativ frå Fitjar kommune er det starta opp eit arbeid, med tanke på ei «atfføding» av Håkon den gode, i samband med markeringane av 1000-årsjubileet for innføring av kristenretten Noreg. Årsmøte i foreininga vart gjennomført 10.06.22.

## Styre og administrasjon

Terje Gloppen, styreleiar. Frå kommunen Bjørn Håland. Andre: Gro Jensen Gjerde, Birgitte Drønen Brenne og Torstein Grimen.

Innleigd prosjektkoordinator: Ragna Flotve.

## Oppstart

Styret har hatt tre møte, der vi har sett på ulike prosjektidear og har sett i gang arbeidet med å utvikla eit nytt spel/teaterstykk med utgangspunkt i saga om Håkon den gode og materialet frå «Kongen med gullhjelm». Styret har ambisjonar om å skapa eit nytt og tidsaktuelt teaterstykk, som ein del av kommunen sitt mål om å byggja identitet gjennom å markera bygda sin byrge historie som kongssete og Fitjar sin historiske plass der Håkon den gode fekk banesåret.

## Førebels rammer for prosjektet

Teaterstykket Håkon – den gode kongen (arbeidstitel) skal setjast opp som utandørsteater seinsommaren 2024. Teateroppsettinga har nytt manus og ny musikk, og vil fortelja historia om Håkon den gode sitt liv gjennom lokale og regionale skodespelarar. Arbeidet vil knyta saman menneske med felles interesser, og det blir lagt opp til brei mobilisering.

Parallelt med teaterarbeidet vil det verta tilbod om aktivitetar i barnehagar og skular. Her vil me ta i bruk ulik metodikk. Barnehageopplegget kan knytast til fagområda kommunikasjon, språk og tekst, kunst, kultur og kreativitet og nærmiljø og samfunn. Skuleopplegget kan også gå inn i ulike fagområde; kunst og handverk, samfunnsfag, norsk, musikk, drama og mat og helse. Dette er å sjå på som eit pilotprosjekt, og me håpar at delar av opplegget vil bli brukt vidare.

Det vert også lagt opp til ulike arrangement i lokalsamfunnet i perioden, i samarbeid med lag og organisasjonar. Dette kan vera foredrag, kreative innslag, utstillingar og mykje anna. I dette arbeidet vil prosjektgruppa si rolle vera å initiere og mobilisere. Prosjektet kan også verta kopla opp mot byggedagar, festivalar og arrangement i lokalsamfunnet.

## Søknad

Fitjar kommune har i økonomiplanen sett av kr. 50 000 i 2023 og kr. 150 000 i 2024 til prosjektet.

**Med dette søker Foreininga Håkon den Gode – Fitjar om iverksetjing av gjeldande økonomiplan med ei løyving på kr. 50 000 i kommunebudsjettet for 2023 og ei løyving på kr. 150 000 i økonomiplanen for 2024.**

Styret i Foreininga Håkon den Gode er takksame for at Fitjar kommune ynskjer å engasjere seg økonomisk i prosjektet. Den mest ressurskrevjande delen av arbeidet kjem til å gå føre seg i 2023. Styret peikar derfor på at det er størst trong for pengar i 2023.

På vegne av styret takkar eg på førehand for positiv handsaming av søknaden!

Fitjar 24.10.2022

Med venleg helsing

Terje Gloppen  
(Styreleiar)

